

Friluftsfestival i padletak

SUNNFJORD: Øysamfunnet Batalden ligg ei lita båtreise frå Noregs vestligaste by, Florø. Her finn du ein av sommarens mest spesielle friluftsfestivalar, Havlandet Kajakkfestival, som går av stabelen 27.–29. juni.

– Batalden har perfekte omgjevnader for å skape den opplevinga vi ønskjer å gje kajakkentusiastar frå fjern og nær, seier Kjetil Høidal, ein av initiativtakarane til festivalen. Batalden er omgjeven av fjell, holmar, skjer, vikar og sund, og rett utanfor står Nordsjøen og bankar tolmodig.

Med kajakk i sentrum skal det kursast, konkurrerast og haldast foredrag, og naturen skal nytast i padletak. I tillegg skal det arrangerast vrakdykk og fangst-dykk, og det som vert fanga, skal vere ingrediensar på det store maritime festbordet om kvelden. Ein legg opp til friluftsbarnhage, slik at dei deltakarane som har med barn, kan delta på aktivitetar og samtidig la barnet få eit innholdsrikt opphald. Hurtigbåtane til Fjord1 tek det raskt og rimeleg frå Bergen til Florø og vidare ut til Batalden. Meir informasjon er å finne på www.kystaktiv.no.



Havlandet kajakkfestival vert arrangert mellom sjøbuer og vakre trehus. Her vert det padla i Fanøyvågen, sjøve hjartet under festivalen. (Foto: Hans Erik Stenseth)

Songen ved det store djup

SUNNFJORD: 21.–22. juni vert det tradisjonsrike Kinnaspelet – Songen ved det store djup framført på Kinn utanfor Florø.

Innføringa av reformasjonen i 1537 er ramma kring spelet. Kongens fut kjem med bod om dette til Kinn. Samstundes gjer han kjent at alt kyrkjegods er annektert av krona, og at Noreg er gjort til lydrike under Danmark. Inn i dramaet er det lagt eit spel i spelet, der vi får ei framstilling av korleis Sunniva måtte rømme frå Irland for å sleppe unna den vonde vikinghøvdingen Ramm.

> Legender og historie dannar miljø og bakgrunn

St. Sunniva av Selje

Sunniva driv i land på kysten og vert St. Sunniva av Selje. Legender og historie dannar miljø og bakgrunn. Men nerven ligg like mykje i allmenne konflikter: tru og tvil, håp og mismot, kjærleik og svik, opprør og undertrykking.

Songen ved det store djup vert framført like ved den gamle Kinnakyrkja, og kyrkja vert brukt aktivt i stykket. Den mektige naturen med stupbratte fjell og storhavet i vest rammar inn spelet og gjer det til ei ugløymeleg oppleving.

Meir informasjon finn du på www.kinnaspelet.no.

Frå fjord til fjell

SUNNMØRE: 15. juni kan du delta på motbakkearrangementet Geiranger frå Fjord til Fjell. Dette er eit unikt arrangement der ein anten kan gå, sykle eller springe frå Geirangerfjorden og 21 km opp til fjelltoppen Dalsnibba, 1500 meter over havet.

I fjor var det rekordtasting med heile 566 personar, og i år er endå fleire påmelde. Neste år vert arrangementet og staden arena for NM i motbakkeløp.

Noko av det spesielle med arrangementet, sett bort frå alle motbakkane, er at det går frå sommar ved fjorden til vinter og meterhøge brøytekanter i høg fjellet, og det innanfor éin til to timar.

Løyperekorden for springing (Devold Geiranger Halvmaraton) er det skiskyttaren Hans Martin Gjedrem frå Valldal som har (1.30.05), og på sykkel (Devold

Nibberittet) har Alf-Roger Holme og Tom Larsen rekorden på 1.05.33.

– Fjord1 er ein av samarbeidspartnarane våre og er tungt inne på fleire måtar. Fjord1-garasjen i Geiranger sentrum er startområde og sekretariat, mange bussar og sjåførar frå Fjord1 fraktar deltakarane ned att etter målgang, og ferja Hellesylt–Geiranger blir nytta av mange for å kome seg til og frå Geiranger denne dagen, fortel arrangør Knut Arild Maråk.

Sjå nettstaden www.frafjordtilfjell.com for meir informasjon.



(Foto: Knut Arild Maråk)

Musikk i verdensklasse



SUNNMØRE: Midt mellom turistattraksjonane Geiranger og Trollstigen finn du vakre Valldal, der Fjord1 køyrer flotte fjordcruise gjennom heile sommaren. Der vert Omenås Musikkfestival arrangert 6.–7. juni.

Festivalen starta opp i 2004, og hovudpoenget for festivalsjefen og den dyktige trompetisten Stian Omenås er å presentere et variert program av høg kvalitet.

Verdsklasse

Av dei store artistane i år finn vi Jai Shankar (tablas frå India), som er rekna for å vere ein av verdas beste på sitt instrument. Elles får ein jazz i verdsklasse med Ola Kvernberg Trio, og tonar frå songtalentet Askil Holm, som er kjend frå "Hallelujakvartetten". Artistane er

handplukka frå øvste hylle innanfor jazz/klassisk/pop og verdsmusikk. Men det er òg plass til lokale artistar som Big Odd Band og Inger Bakke.

Festivalen vert i år arrangert på Fjellro Turisthotell. Her er det fleire typar scener som vil få ulike musikalske profilar – ei utescene i ein idyllisk bakgard og to scener inne. Ikkje-kommersiell musikk er eit viktig utgangspunkt for estetikken til denne festivalen.

Meir informasjon er å finne på www.stianomenaas.com.